



Radøy sør grunneigarlag

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/528 - 16/7718

Saksbehandlar:

Kristine Skaiaa Born

kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:

07.06.2016

Skadefelling - Søknad om hijakt på rev i ferdningstiden - søknad om forlengelse - svar

Delegasjonssak nr.: 144/2016

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 03.06.2016 og tidligare vedtak JP 16/5314.

Det søkjast her om ein utviding av eksisterande skadefellingsløyve på rev som gjaldt til og med søndag 29/5/2016. Søkjar oppgir at det ikkje er stadfesta tap av levende lam eller høns til rev den siste tiden.

Lovgrunnlag

Skadefellingsløyve gis på grunnlag av forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltartes reproduksjon. Jakt av skadegjørende rev i fredningstiden hjemles i forskriftens kapittel II. B 2.ledd.

Det stilles etter forskriften generelle vilkår for skadefelling:

«Viltlovens § 14 setter krav om at skade skal ha skjedd. Dette må forstås slik at skaden skal ha oppstått i inneværende sesong, og i et omfang som er av vesentlig økonomisk betydning for den skadelidte, eller som vil få tilsvarende betydning dersom skaden fortsetter.»

Det krevjast og at:

1. «Avliving av skadegjørende viltarter skal skje sikkerhetsmessig og humant forsvarlig»
2. «Før felling plikter eier, bruker eller rettighetshaver i rimelig utstrekning å forsøke andre tiltak»

Vurdering

Fredningsprinsippet og forebyggjande tiltak

Det er i forskrift sett nokre vilkår som må følgast. Eier, brukar eller rettighetshavar skal ha gjort naudsynte tiltak for å redusere skaden før fellingsløyve handsamast. Grunneigarlaget har jakta aktivt på rev gjennom året. Om flytting av sau til andre beiter hadde vore ein løysing forutset

landbrukskontoret at bonden hadde gjort slike tiltak. Landbrukskontoret forutset og at jakttrykket holdes oppe i haust/vinter for å betre tilhøva for beitesesongen 2017.

Skade inneværande år og vesentleg økonomisk tap.

Grunneigarlaget har dokumentert tap av lam frå utegangersau (villsau og svartfjes) våren 2016 og grunna dette vart det gitt løyve ut mai. Det har den siste perioden ikkje vore stadfesa skade volt av rev på buskapen. Troleig er lamma vakse endel og faren for tap til rev er sterk redusert. Grunna denne reduserte faresituasjonen og viltlovens generelle fredningsprinsipp vil ikkje landbrukskontoret forlenge skadefellingsløyve frem mot ordinærjakttid 15/7.

Landbrukskontoret vil på kort varsel ta saken opp igjen om skadesituasjonen endres.

Vedtak:

Landbrukskontoret forlenger ikkje løyve til skadefelling av rev. Uttgreiing er gitt i saksteksten. Vedtaket er heimlet i forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltartes reproduksjon kapittel II. B jf. Viltlovens generelle fredningsprinsipp.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Radøy sør grunneigarlag